



Møtereferat

Referat frå møte 13.04.15 i Styringsgruppa for folkehelse

Dato / tid: 13.04.15 kl 1800-2030

Referent: Magne Fylling

Stad: **Gomerhuset**

Møteleiar: Lidvar Giskeødegård

Til stades: Lidvar Giskeødegård, Johan Honningdal, Camilla Brusdal og Magne P. Fylling

Forfall: Kristian Skålhavn, Ragnhild Kaldhussæter

Kopi til:

Leiar Lidvar Giskeødegård opna møtet, og både innkalling og sakliste blei godkjende.

Sak 1: Endringar i Styringsgruppa for folkehelse.

Den kommunale frisklivssentralen er nedlagt frå 01.01.15, og Aase Bolstad er ikkje lenger tilsett i Skodje kommune. Ho er ikkje lenger medlem i Styringsgruppa

Magne P. Fylling får endra rolle i gruppa frå medlem til sekretær.

Samansetjing av Styringsgruppa for folkehelse ser frå 01.01.15 slik ut:

Lidvar Giskeødegård, leiar (politikar)

Johan Honningdal, nestleiar (politikar) (Modolf Hareide vara for begge dei politisk oppnemde)

Ragnhild Kaldhussæter, helseavdelinga

Kristian Skålhavn, ass. rådmann

Håvard Valderhaug, skulerepr.

Camilla Brusdal, barnehagerepr.

Odd Grande, idrettsrepr

Ein frå kultur utanom idretten

Folkehelsekoordinator er sekretær for gruppa.

Styringsgruppa tok endringane til vitande.

Sak 2: Årsmelding for folkehelsarbeidet i Skodje kommune i 2014

Årsmeldinga følgjer vedlagt.

Ho er utarbeidd i samarbeid mellom gammel og ny folkehelskoordinator. Årsmeldinga er sendt fylket, og vil kome med i Statusrapport God Helse 2014.

Styringsgruppa tok årsmeldinga til orientering, med slik protokolltilførsel frå Johan Honningdal under punktet Helsevennleg arbeidsliv: «Omstillingsprosessen i kommunen har ikkje i alle samanhengar vore like bra sett frå eit folkehelseperspektiv.»

Sak 3: Drøfting av helsetilstanden i Skodje kommune

Styringsgruppa drøfta Folkehelseprofil 2015 og resultat frå UngData-undersøking ved Skodje ungdomsskule våren 2014.

Frå folkehelseprofilen blei det særleg dvelt ved dei områda Skodje hadde avvik frå landssnittet, enten positivt eller negativt.

Positivt:	Skodje	Fylke	Noreg	
Låginntekt (hushaldningar), 0-17 år	5,5	7,7	10	(prosent)
Psykiske lidingar, legemiddelbrukarar	105	122	131	(per 1000)
Type 2-diabetes, legemiddelbrukarar	25	30	34	(per 1000)

Negativt

Muskel og skjelett, primærhelsetenesta	293	278	258	(per 1000)
--	-----	-----	-----	------------

Frå Ungdata-undersøkinga ved Skodje ungdomsskule våren 2014 blei fleire resultat drøfta:

* Det er om lag ¼-del av ungdommen som ikkje opplever at dei har minst ein ven dei kan stole fullstendig på og kan betru seg til om alt muleg.

* Nøkkeltala for Skodje skil seg signifikant frå landsstatistikken når det gjeld i kva grad ungdommen er fornøgd med lokalmiljøet. Medan 71 % av ungdom i Norge er svært fornøgd eller litt fornøgd med lokalmiljøet, så er berre 57 % av ungdom i Skodje svært fornøgd eller litt fornøgd med lokalmiljøet. Det vil seie at 43 % av ungdommen i Skodje ikkje er fornøgd med lokalmiljøet. Ungdommen blir mindre fornøgd med lokalmiljøet og kollektivtilbodet etter eldre dei blir.. Berre ein fjerdel av både gutar og jenter kan tenke seg å busette seg i Skodje kommune når dei blir vaksne.

* Berre om lag halvparten av elevane et mat når dei er på skulen. Litt under 40 % et ikkje frokost, og 15 -20 % et ikkje middag.

* Gutane er i betydeleg grad meir fornøgd med seg sjølv og korleis dei er meir enn det jentene er. 20 % av jentene ved Skodje ungdomsskule har høg grad av depressivt stemningsleie, dette inneber symptom som t.d. å vere ulykkeleg, trist, føle håplause for framtida, bekymring, søvnlause og har følt seg ensom i større grad enn gutane (6 %). Det same gjeld angstsymptom. Dei depressive symptoma minskar etter eldre ungdommane blir.

* Helsesøster, helsestasjon for ungdom og legetenesta blir brukt hyppig av begge kjønn. 8 % av gutane og 10 % av jentene har brukt psykolog eller psykiater minst ein gong siste året. Reseptfrie medikamenter (paracet, ibux o.l) blir brukt i stor grad, 24 % av jentene og 14 % av gutane brukar det minst ein gong i veka. 3 % brukar det dagleg, og dette er likt for begge kjønn.

Med bakgrunn i analysen av helsetilstanden i kommunen, valde Styringsgruppa for folkehelse å arbeide fram eit handlingsprogram for 2015-16, med utgangspunkt i 6 innsatsområde:

Handlingsprogram for folkehelsarbeidet i Skodje kommune 2015-2016

1.SAMFUNNSUTVIKLING FOR EIN GOD START I LIVET

Hovudmål:

Barn og unge skal ha eit sunt og inkluderande oppvekstmiljø som gjev dei høve til å oppleve meistring og utvikle sine evner og interesser.

Grunnlaget for god helse vert lagt i oppveksten. Foreldre, barnehage, skole,

bumiljø/nærmiljø, fritidsaktiviteter og fysiske omgjevnader har stor innverknad på barn og unge si psykiske og fysiske helse

Resultatmål:

Alle skolar og barnehagar skal legge til rette for sunne matvanar.

Tiltak	Ansvar	Gjennomføring	Budsjett
Alle skular og barnehagar gjennomfører minst eitt fiskesprell-prosjekt pr år	Leiarar i skular og barnehagar	2015/16	Eigne ressursar Tilskotsmidlar frå fylket
Gjennomføre kurs for personalet	Leiarar i skular og barnehagar	2015/16	Eigne ressursar Tilskotsmidlar frå fylket

Resultatmål: Auke kompetansen om fysisk aktivitet og ernæring.

Tiltak	Ansvar	Gjennomføring	Budsjett
Gjennomføre kurs for tilsette i skule, SFO og barnehagar om fysisk aktivitet og ernæring	Barnehage- og skulefagleg ansvarleg	2015/16	Eigne ressursar Tilskotsmidlar
Ha fysisk aktivitet og ernæring årleg som tema i foreldremøte i skule og barnehage	Leiarar i skular og barnehagar	2015/16	Eigne ressursar

Resultatmål 2:

Offentleg og frivillig sektor skal gjennom systematisk arbeid for god psykisk helse og arbeide for mobbefrie skular og fritidsmiljø.

Innsatsområde 1:

Styrke kunnskap i barnehage og skule om korleis ein bidreg til god psykisk helse

Tiltak	Ansvar	Gjennomføring	Budsjett
Gjennomføre konferanse om psykiske helse	Barnehage- og skulefagleg ansvarleg	2015/16	Eigne ressursar Tilskotsmidlar
Gjere seg kjent med og arbeide fram tiltak basert på resultat i Ungdata-undersøkingane for u-skulen.	Leiarar i skular og barnehagar	2015/16	Eigne ressursar
Ha psykisk helse årleg som tema i foreldremøte i skule og barnehage	Leiarar i skular og barnehagar	2015/16	Eigne ressursar

2. HELSEVENNLEG ARBEIDSLIV

Hovudmål:

Skape god folkehelse og gode levekår for alle gjennom søkelys på lønsame, trygge og helsefremmande arbeidsmiljø.

Gjennom sitt samfunnsansvar kan næringslivet bidra på ulike måtar for å styrke lokalt folkehelsearbeid. Arbeidsplassen bør også vere ein arena for å stimulere til sunne vanar, samstundes som det er viktig å leggje til grunn at eit godt arbeidsmiljø er alle sitt ansvar

Resultatmål: Hjelp tilsette til større nærvær.

Tiltak	Ansvar	Gjennomføring	Budsjett
Prosjekt Friskare saman – tett oppfølging og førebygging.	Leiarar i barnehagane	2015/16	

3. SAMFUNN SOM FREMMAR AKTIV, TRYGG OG FRISK ALDERDOM

Hovudmål:

Legge til rette for at dei eldre kan meistre eige liv, kjenne seg trygge, inkludert, verdsett og som ressurs i lokalmiljøet.

Gjennomsnittsalderen i befolkninga i Møre og Romsdal aukar, og vi blir stadig

fleire eldre. Det er venta ein stor auke i aldersrelaterte lidingar framover. Samstundes har dei eldre meir ressursar enn før til å møte alderdommen og bidra aktivt i samfunnet

Resultatmål:

I samarbeid mellom Skodje kommune, frivillige organisasjonar og eldrerådet legges til rette for aktivitet for eldre og trekke med eldre som ressurs

Tiltak	Ansvar	Tidsfrist	Budsjett
Eldrekafe	Skodje frivillige aktivitetssenter	2015/16	Eigne ressursar
Invitere eldre til arrangement i b.hagar og skular	Leiarar i skular og barnehagar	2015/16	Eigne ressursar
Utfordre eldre som ressurs i temadagar i skule og barnehagar	Leiarar i skular og barnehagar	2015/16	Eigne ressursar
Utfordre eldre som ressurs i Skodje frivillege aktivitetssenter	Skodje frivillige aktivitetssenter	2015/16	Eigne ressursar

4. TRYGT OG HELSEFREMMANDE FYSISK MILJØ

Hovudmål:

Alle skal kunne gå, sykle og køyre med låg risiko på veg til og frå daglege gjeremål og fritidsaktivitetar.

Det fysiske miljøet er grunnleggande for helse, trivsel og livskvaliteten for innbyggjarane. Det har og betydning for utjamning av sosiale helseskilnader, og kva slags levevanar vi som innbyggjarar har

Resultatmål: Kvaliteten på og omfanget av turløyper innan 500 meter frå der folk bur skal aukast.

Tiltak	Ansvar	Gjennomføring	Budsjett
Halde fram med samarbeidet mellom Skodje kommune og frivillege lag om rydding, merking, skilting og informasjon om turstiar.	Frivillige lag i samarbeid med kommunen (kultureininga)	2015	Eigne ressursar (dugnad) og tilskotsmidlar
Opning av fem nymerka turstiar våren 2015	Frivillige lag i samarbeid med kommunen (kultureininga)	Vår 2015	Eigne ressursar (dugnad) og tilskotsmidlar
Oppstart med «Stikk-ut» 1. mai 2015	Frivillige lag i samarbeid med kommune (kultureininga) og Friluftsrådet	Vår 2015	Eigne ressursar (dugnad) og tilskotsmidlar

Resultatmål: Auke delen av gang- og sykkelvegnettet i Skodje kommune

Tiltak	Ansvar	Gjennomføring	Budsjett
Stille krav i kommune- og reguleringsplanar om utgreiing og etablering av gang- og sykkelveggar	Teknisk avd saman med plannemda	Frå no! Og framover...	

5. INKLUDERING OG DELTAKING I KULTUR OG FRIVILLIGE ORGANISASJONAR

Hovudmål:

Frivillige lag og organisasjonar skal vere berekraftige og vere offensive aktørar i sine lokalsamfunn og nå breitt ut i befolkinga.

Deltaking i og opplevingar knytt til frivillige lag og foreiningar har ein verdi i seg sjølv, men også tilleggsverdiar i form av å skape sosiale nettverk, fellesskap, sosial kapital og auke den fysiske aktiviteten. I følgje Helseundersøkinga i Nord-Trøndelag (HUNT 3), har dei som nyttar kulturtilbod; oppleving av betre helse, er meir tilfreds med livet og har mindre angst og depresjon enn andre delar av befolkninga

Resultatmål:

Skodje kommune skal gje frivillege lag føreseielege rammevilkår.

Tiltak	Ansvar	Gjennomføring	Budsjett
Halde fram med gjeldande ordning med å stille kommunale bygg gratis til disposisjon	Kommunen	Kontinuerleg	Kommune
Yte hjelp til å søkje eksterne tilskot	(kultureininga)	Kontinuerleg	Kommune

6. ORGANISERING OG SAMHANDLING, EIT KUNNSKAPSBASERT FOLKEHELSEARBEID

Hovudmål:

Folkehelsearbeid i Skodje kommune skal vere kunnskapsbasert.

Det blir viktig å styrke kompetansen og kunnskapen om folkehelsearbeidet i kommunen.

Folkehelselova set tydelege krav til korleis folkehelsearbeidet skal drivast og kva for oppgåver og ansvar kommunane har.

Resultatmål:

Gjennom årsrapportane til God helse-partnerskapen skal alle sektorane i Skodje kommune rapportere på folkehelse i løpet av 2017.

Tiltak	Ansvar	Gjennomføring	Budsjett
Lage system slik at folkehelsearbeidet i kommunale tenestemråde og innan frivillege lag årleg blir dokumentert	Folkehelsekoordinator	2015/16	Eigne ressursar

Dei 6 innsatsområda er henta frå Møre og Romsdal fylkeskommune sitt handlingsprogram for folkehelse.

Styringsgruppa vil sterkt oppmode dei som er sett opp som ansvarlege til å ta vidare og gjennomføre tiltaka i handlingsprogrammet.

Årshjul for systemarbeidet bør sjå slik ut:

Januar:

Styringsgruppa for folkehelse med si breie samansetjing har følgjande agenda:

- Evaluere fjorårets folkehelsearbeid/vedta årsmelding
- gjere analyser av folkehelsestiltanden basert på evaluering av fjoråret, ny folkehelseprofil og andre undersøkingar og faktamateriale som er tilgjengeleg.
- arbeide fram handlingsprogram.

Februar/mars:

Ulike tenestemråde i kommunen og frivillige lag blir utfordra til å ta vidare tiltak arbeidd fram i styringsgruppa.

Tenestemråda i kommunen må vise mål og tiltak i verksemdsplanane.

Men det er også viktig at det blir gjort egne analyser, drøftingar og beslutningar om mål og tiltak i kommuneorganisasjonen og innan det frivillege arbeidet.

NB! Viktig å dokumentere at slike møte har funne stad og kva som er blitt vedteke. Effekten av gjennomførte tiltak bør kunne målast/evaluerast og dokumenterast.

Sept/okt:

Møte i Styringsgruppa for å få statusrapport frå ulike aktørar i folkehelsearbeidet.

Sak 4: Orientering om ny aktivitet ved tidlegare kommunal frisklivssentral.

Folkehelsekoordinator orienterte om at tre frivillege lag har fått disponere lokala til tidlegare frisklivssentral i første omgang ut kalenderåret 2016.

Det er LHL Skodje/Ørskog/Haram, Mental Helse Skodje/Ørskog og nystarta Skodje frivillige aktivitetssenter.

Mykje positiv aktivitet er på gang.

Sak 5: Handlingsprogram 2015, Folkehelsearbeid i Møre og Romsdal fylkeskommune

Handlingsprogram 2015 er no vedtatt av Fylkesutvalet.

Handlingsprogrammet for 2015 har eit særleg fokus på fylkeskommunale tenester som er sentrale i folkehelsesamanheng, fylkeskommunen si rolle som understøttar av kommunane sitt folkehelsearbeid og rollen som regional utviklingsaktør

Handlingsprogrammet ligg vedlagt!

Styringsgruppa tok handlingsprogrammet til vitande